

RAPPORT

Søk etter Flatsaltlav i Kasseelva



Utarbeida av: Steinar Slagnes

Dato: 26. Nov. 2014

INNHold

1. BAKGRUNN.....side 3
2. FØRSTE SØK ETTER FLATSALT LAV.....side 4
3. ANDRE SØK ETTER FLATSALT LAV.....side 8
4. KONKLUSJON.....side 10

1. BAKGRUNN

Underteikna vart kontakta av Johan Duestøl i forbindelse med konsesjon for minikraftverk i Kasseelva. Forespørselen gikk på å ta ein tur til ein bestemt stein i Kasseelva for å søkje etter Flatsaltlav og ta bilete som dokumentasjon.

Eg vil presisere at eg ikkje har faglig bakgrunn på området då eg er utdanna sivilingeniør i kjemi og er forskningssjef for Sibelco på Åheim. Har nok over gjennomsnitt interesse for natur/botanikk og har også fotografert rimelig mykje.

Oppdraget var difor mest å leite etter det ein trudde kunne vere Flatsaltlav på denne steinen, og fotografere den for å få andre til å identifisere arten på biletet.

Internettsøk på Flatsaltlav gav dessverre få haldepunkt for identifisering av Flatsaltlav.

Men vi fann nokre bilete som vi meinte kunne vere til hjelp. Eit av desse bileta er gjengitt nedanfor (Fig1). Sonen min, Terje Slagnes, var til stor hjelp under søkja. Han er også svært naturinteressert.



Fig. 1 Flatsaltlav

2. FØRSTE SØK ETTER FLATSALT LAV.

Søket etter Flatsaltlav vart gjort på steinen som er avbilda i rapporten frå Sweco. For å sikre at det er same steinen som i rapporten, vart det teke bilete av steinen frå same ståstad. Dette biletet er gjengitt nedanfor (Fig. 2)



Fig. 2 Stein der Flatsaltlav skal vere funne.

Steinen som er angitt er også avmerka med eit kryss på kartet i Swecorapporten. Det er imidlertid avvik mellom plassen der steinen ligg, og krysset på kartet. Rett plassering av steinen er angitt med grønt kryss i Fig. 3 på side 5.

Det lyse feltet ovanfor det grønne krysset i Fig 3 er den ubevokste forekomsten av olivin rett ovanfor steinen.

Steinen på Fig.2 ligg midt ute i elva, og vil i perioder med flaum kunne vere omringa med vatn. Steinen er imidlertid utanfor det området på kartet som er angitt for særleg fuktkrevande mose og lav.




Fig. 3 Kartangiving av stein med Flatsaltlav.

Ved første søket på steinen vart det teke fleire bilete av det ein trudde kunne vere flatsaltlav. Desse bileta vart oversendt til Artsdatabanken (ADB Rødliste).

Desse bileta er gjengitt i Fig. 4 , 5 og 6



Fig. 4



Fig. 5



Fig. 6

Svaret frå ADB Rødliste var følgjande:




Fig. 7 Svar på e-mail frå ADB Rødliste.

Bileta Fig 4 –Fig. 6 vart så sende til Håkon Hollien for kommentar. Hans svar var:

«Dette er definitivt IKKE flatsaltlav!! Bildene dine viser basalskjell av en Cladonia-art, trolig er det kystpute Cladonia subcervicornis som er en vanlig art, særlig langs kysten, men det er en mulighet for at det kan være en av de nærstående artene – vanskelig å si 100 % basert på bildene dine. Ingen rødlistearter i denne gruppen.

På siste bildet er det også med en saltlav ja, men det ser ut til å være skjoldsaltlav Stereocaulon vesuvianum – vanlig art.

Mvh
Håkon Hollien»

3. ANDRE SØK ETTER FLATSALT LAV

Etter å ha fått svar frå fagfolk på bileta som vart tekne i første søk, må ein nok seie at første søket var ein skivebom. Det vart difor nødvendig å innhente betre identifikasjonsmateriale. Boka Lavflora var til stor hjelp for det andre søket. Ein kunne no utelukke dei fleste lavforekomstane på steinen, og stod att med to forekomstar som minte om Flatsaltlav. Nye makrobilete vart tekne. To nye bilete vart oversendt til Håkon Holien.

Desse bileta er vist nedanfor(Fig. 7 og Fig. 8).



Fig. 7 Bilete frå andre søk etter Flatsaltlav.




Fig. 8 Bilete nr. 2 frå andre søk etter Flatsaltlav.

Svaret frå Håkon Holien på dei to bileta (Fig. 7 og Fig. 8) var:

«Hei,

Jeg mener alle bildene dine viser *Stereocaulon vesuvianum*, men 100 % sikker kan man ikke være uten et godt herbariebelegg.

Mvh

Håkon»

Søk nr. 2 var etter vår meining bra målretta etter artar som hadde kjenneteikn som likna Flatsaltlav.

Svaret frå Holien antydgar då også at artsbestemmelse kan vere vanskeleg utan meir hjelpemiddel.

I andre søket vart det også leita etter flatsaltlav i området frå steinen og opp til fossen i elva lenger oppe (markert med svart kryss på kartet i Fig. 3). Heller ikkje dette søket gav resultat mht. funn av Flatsaltlav.

4. KONKLUSJON

Det er gjennomført 2 søkerundar etter Flatsaltlav på steinen i Kasseelva. Første søket var relativt mislykka då ein ikkje hadde god nok artsbeskriving. Søk nr. 2 var imidlertid eit godt søk der ein hadde bra artsbeskriving(litteratur) og også fleire bilete av Flatsaltlav å støtte seg til. I tillegg hadde ein betre fotoutstyr tilgjengeleg. Ein klarte imidlertid ikkje å dokumentere funn av Flatsaltlav på staden(steinen) der Sweco har angitt funn av arten. Lavtypen som vart funne i søk nr. 2 hadde likskapstrekk med Flatsaltlav, men viste seg å vere Skjoldsaltlav. Om det finst Flatsaltlav på steinen eller det dreier seg om forveksling med Skjoldsaltlav er umulig for oss å bedømme. Men eg synest det burde foreligge betre dokumentasjon enn eit avstandsbilete av ein stein i elva med påstand om funn av Flatsaltlav og utan bilete som dokumenterer funnet.

Åheim, 26. nov. 2014

Steinar Slagnes (sign.)